

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 11.02.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Alver formannskap	10.02.2022

Uttale – E39 Vågsbotn-Klauvaneset

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv-AP:

E39 Vågsbotn-Klauvaneset må ha oppstart i første NTP-periode

E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 køyretøy. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og dette gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I tillegg er det 25 uoversiktlege avkjøyrslar på strekket som er om lag 9 km.

Kwart døgn kører eit stort tal tunge køyretøy med farleg gods og væske gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulanse), politi og brannvesen, og med rekksverk på begge sider er faren stor for at utrykkingskøyretøy ikkje vil kome fram.

Det har vore arbeidd i nesten 40 år for å få ei betre og meir framtidsretta løysing på plass her. Både Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland fylkeskommune hadde denne vegen som eit av sine prioriterte prosjekt til rulleringa av NTP (nasjonal transportplan) våren 2021, og det blir framleis arbeidd med ein KDP (kommunedelplan) for heile strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna.

Til tross for at Statens vegvesen forseinka KDP-prosessen grunna ein ekstra runde med kostnadskontroll, så vart E39 Vågsbotn-Klauvaneset prioritert gjennom ein (fleirtals)merknad med oppstart i første del av NTP når denne vart vedtatt i Stortinget i juni 2021.

Det var med sjokk og vantru vi fekk meldinga om at Statens vegvesen ikkje hadde tatt denne vegen med i sin gjennomføringsplan for 2022-2027. Dette er uakseptabelt og vi forventar at dei nødvendige politiske vedtaka kjem på plass, slik at Statens vegvesen planlegg for oppstart på vegen i første NTP-periode.

Alver kommune forventar òg at arbeidet med kommunedelplanen har god framdrift, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast i første periode av Nasjonal transportplan, som vedtatt i 2021. Alver kommune forventar at Stortinget står fast ved dette og jobbar mot at dette målet blir nådd.

Ordførar får fullmakt til å sende uttalen til aktuelle mottakarar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 022/22 Vedtak:

E39 Vågsbotn-Klauvaneset må ha oppstart i første NTP-periode

E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 køyretøy. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og

dette gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I tillegg er det 25 uoversiktlege avkjøyrslar på strekket som er om lag 9 km.

Kvar døgn kører eit stort tal tunge køyretøy med farleg gods og væske gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulanse), politi og brannvesen, og med rekverk på begge sider er faren stor for at utrykkingskøyretøy ikkje vil kome fram.

Det har vore arbeidd i nesten 40 år for å få ei betre og meir framtidsretta løysing på plass her. Både Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland fylkeskommune hadde denne vegen som eit av sine prioriterte prosjekt til rulleringa av NTP (nasjonal transportplan) våren 2021, og det blir framleis arbeidd med ein KDP (kommunedelplan) for heile strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna.

Til tross for at Statens vegvesen forseinka KDP-prosessen grunna ein ekstra runde med kostnadskontroll, så vart E39 Vågsbotn-Klauvaneset prioritert gjennom ein (fleirtals)merknad med oppstart i første del av NTP når denne vart vedtatt i Stortinget i juni 2021.

Det var med sjokk og vantru vi fekk meldinga om at Statens vegvesen ikkje hadde tatt denne vegen med i sin gjennomføringsplan for 2022-2027. Dette er uakseptabelt og vi forventar at dei nødvendige politiske vedtaka kjem på plass, slik at Statens vegvesen planlegg for oppstart på vegen i første NTP-periode.

Alver kommune forventar òg at arbeidet med kommunedelplanen har god framdrift, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast i første periode av Nasjonal transportplan, som vedtatt i 2021. Alver kommune forventar at Stortinget står fast ved dette og jobbar mot at dette målet blir nådd.

Ordførar får fullmakt til å sende uttalen til aktuelle mottakarar.